



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 09.01.2026

Vår ref.: 201907950-8 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringa av Førde-Matre-vassdraga - NVE ber om kommentar frå kommunane

NVE har fått krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for reguleringane i Førde-Matre-vassdraga frå Sognefjorden Vel og Masfjorden kommune. Sognefjorden Vel er oppteken av påverknaden reguleringa har på ferskvasstilførselen til Sognefjorden og dei miljøeffektane dette har. Masfjorden kommune ber om vilkårsrevisjon for mellom anna å betre forholda for anadrom fisk i Matre- og Haugdalsvassdraga. Det blir synt til miljømål i regional vassforvaltningsplan. Det blir også bede om betre regulering for å unngå flaumtoppar, bygging av bruer for beitedyr, og vurdering av korleis vatnet skal fordelast mellom ulike interesser. Kravbrevet er tilgjengelege på nettsida i saka:

www.nve.no/8416/v.

Kravet gjeld følgjande konsesjonar:

- Erverv og reg. av Matre- og Haugdalsvassdragene, kgl.res. 17.07.1953
- Ytt. reg., overf. og planendr. i Matre- og Førdevassdragene, kgl.es. 12.09.1969
- Regulering og overføring i Matrevassdraget i Hordaland, kgl.res. 11.12.1964
- Ytt.reg. og overf. i Matre og Haugdalsvassdr. - Vemundsbotn krv., kgl.res. 08.02.1980

NVE meiner dei innkomne krava har tilstrekkeleg relevans for å kunne vurdere opning av vilkårsrevisjon.

Nasjonal gjennomgang og prioritering av vilkårsrevisjonar

I NVE og Miljødirektoratets felles rapport om nasjonal prioritering av vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022 ([NVE Rapport 49/2013](#)), er Matrevassdraget plassert i kategori 1.1 – høg prioritet (revisjon-ID 403 på s. 159). Dette er vassdrag som er vurdert til å ha stort potensial for forbedring av viktige miljøverdiar, og med antekje lite eller moderat krafttap i forhold til forventa miljøgevinst.

For å betre miljøforholda i reguleringsområdet, blir følgjande aktuelle tiltak nemnde i rapporten:

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

- Driftsvassføring heile året frå Hommelfossen kraftverk
- Magasinrestriksjon i Stordalsvatnet av omsyn til landskap og friluftsliv, ev. også i andre magasin

Forslag til prioritering av vassdrag er gjennomført på overordna nivå og basert på eksisterande kunnskap av varierende omfang og kvalitet. I kvar enkelt revisjonssak vil det finnast eit breiare og meir konkret kunnskapsgrunnlag for vurderingane og avvegingar som skal gjerast.

Prioritering i regional vassforvaltningsplan 2022 til 2027

I godkjenninga av regional vassforvaltningsplan for Vestland i perioden 2021 til 2027 er Matreselvas nedre del plassert på både på lista over vassførekomstar med miljømål som kan medføre krafttap (Vedlegg 2) og på lista for vassdrag som har miljømål som kan medføre andre tiltak i vasskraftsektoren (Vedlegg 3). Fristen for måloppnåinga er 2033.

Om vilkårsrevisjonar

Hovudformålet med ein revisjon er å betre miljøforholda i tidlegare regulerte vassdrag. Dette må avvegast mot formålet med konsesjonen, som er kraftproduksjon. Revisjonstilgangen er meint å innebere ei modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkåra, mellom anna når det gjeld miljø.

I [Retningslinjene for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar](#), gitt ut av Olje- og Energidepartementet i 2012, heiter det at krav til vilkårsrevisjon normalt bør fremjast og koordinerast gjennom kommunane.

NVE ber Alver, Høyanger, Gulen og Modalen kommunar om ei kort forklaring for om de ønskjer å fremje revisjonskrav og om kommunane har krav utover dei som allereie er fremja. Eit slikt krav kan baserast på andre allmenne interesser enn dei som er påpeika i kravbrev fra Sognefjorden Vel og Masfjorden kommune.

Om kommunen ønskjer å fremje krav om revisjon, må dykk gje attendemelding til NVE innan 1. mars 2026. Vidare ber vi dykk om å få tilsendt eventuelle krav innan 1. april 2026.

Neste steg er at konsesjonær får krava til kommentar. Så vil vi vurdere om det blir opna for vilkårsrevisjon eller ikkje. For meir informasjon om vilkårsrevisjonar sjå NVEs nettside: [Vilkårsrevisjonar - NVE](#). Vi gjer merksame på at det er NVE som vil gjere vedtak i vilkårsrevisjonar, og ikkje Kongen i statsråd, som før.

Dokumenta i saka ligg også tilgjengeleg her: www.nve.no/8416/v. Ta gjerne kontakt om dykk har spørsmål.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Håkon Berg Sundet

Fagleiar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Modalen kommune
GULEN KOMMUNE
HØYANGER KOMMUNE
ALVER KOMMUNE

Kopimottakarliste:

MASFJORDEN KOMMUNE
EVINY FORNYBAR AS
Sognefjorden Vel